



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2016/943-36

Vår ref
15/1238-103

Dato
30. april 2018

Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Skjersholmane - Ranavik

Samferdselsdepartementet viser til brev datert 10. april i år, om ulike alternativ for omlegging av ferjesambandet Skjersholmane – Ranavik i Hordaland.

Fylkeskommunen bed om at det vert vurdert om seks alternativ for omlegging av sambandet Skjersholmane – Ranavik vert omfatta av ferjeavløysingsordninga, til innkorting av samband og førebels overslag av ferjeavløysingsmidlar.

Av retningslinene for ferjeavløysingsordninga, jf. punkt 4.1, skal spørsmål om førehandsavklaring rettast til Samferdselsdepartementet.

I retningslinene for ferjeavløysingsordninga heiter det i punkt 1.1:

Eit ferjeavløysingsprosjekt inneber at det blir bygd eit nytt vegsamband, vanlegvis ei bru eller ein undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett, som erstattar eller kortar inn på eit ferjesamband. Ordninga med alternativ bruk av ferjetilskot for fylkesvegferjer legg til rette for at fylkeskommunane kan delfinansiere slike prosjekt med midlane dei får for ferjesambandet gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

Ferjeavløysingsordninga har til formål å vera med å finansiera erstatning av eit ferjesamband eller ei strekning i eit fleirkantsamband, med ei bru eller undersjøisk tunnel med tilhøyrande vegnett. I dette tilfellet synest formålet å vera omlegging av ei ferjestrekning som følgje av omlegging av vegsystemet generelt. Bru eller tunnel synest ikkje å vera alternativ til ferjedrift i sambandet Skjersholmane – Ranavik. Omlegging av ferjesamband, slik tilfellet synest å

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org no.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikkikkerhetsavdelinga

Saksbehandlar
Dag Namtvedt
22 24 82 49

vera i den aktuelle saka, utan at ein eller fleire strekningar vert lagt ned, fell utanfor ferjeavløysingsordninga.

Ei omlegging av ferjesambandet vil gje endringar i normerte ferjekostnadar og utgiftsutjamninga i inntektssystemet for fylkeskommunar. Normerte ferjekostnadar for nye samband vert først rekna ut når trafikktalet ligg føre. Kriteriedata for eit gjeve budsjettår tek utgangspunkt i samband som var i heilårsdrift to år tidlegare. Det vil seia at det tek to år frå ei eventuell omlegginga av sambandet Skjersholmane – Ranavik til det gjev endringar i inntektssystemet. Elles skal spørsmål om overslag over kor mykje eit prosjekt kan utløysa i ferjeavløysingsmidlar rettast til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. punkt 4.2. i retningslinene.

Med helsing

Hans Einar Nerhus (e.f.)
avdelingsdirektør

Dag Namtvedt
underdirektør

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrive signaturar

Kopi

Kommunal- og moderniseringsdepartementet